

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 15.01. 2013
Møtestad: Telefon/Helse Vest RHF

Styremøtet var ope for publikum og presse

Forfall frå styret

Oddvard Nilsen	Leiar
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
Ohene Aboagye	Medlem
Gerd Dvergsdal	Medlem
Sveinung Stensland	Medlem
Torill Selsvold Nyborg	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Kjartan Longva	Medlem

Forfall frå styret

Tom Guldhav	Medlem
Gunnar Berge	Medlem

Deltakarar frå administrasjonen

Herlof Nilssen, administrerande direktør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Hanne Løvereide Årstad, jurist
Torunn Nilsen, referent

Sakliste		Underlag
B 1/13	Godkjenning av innkalling og dagsorden	x
B 2/13	Høyring - endringar i pasient- og brukarrettighetslova og implementering av pasientrettighetsdirektivet	x
3/13	Eventuelt	

B 1/13 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering:

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Forfall:

Gunnar Berge og Tom Guldhav hadde forfall til møtet.

Eventuelt:

Ingen saker blei meldt til eventuelt.

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

B 2/13 Høyring - endringar i pasient- og brukarrettighetslova og implementering av pasientrettighetsdirektivet

Oppsummering:

Helse- og omsorgsdepartementet legg fram forslag til endringar i pasient- og brukarrettighetslova. Hovudmålet med endringane er å forenkle gjeldande regler, betre understøtte eit forsvarleg pasientforløp, legge til rette for rette prioriteringar av pasientar og sikre tilgang til spesialisthelseteneste for dei pasientar som har behov for spesialisert helsehjelp.

Administrerande direktør støttar Helse- og omsorgsdepartementet i at det er behov for å forenkle reglane slik at dei betre understøttar og bidrar til god tilgang til spesialisthelsetenester, forsvarlege pasientløp og rette prioriteringar. Helse Vest er positive til å gjere reglane lettare tilgjengelege for pasientane og helsepersonell som skal praktisere reglane. Administrerande direktør sin vurdering er at departementet sitt framlegg til endringar i all hovudsak vil ha ein slik effekt og bør støttast. Nokre av endringane bør vurderast nøye før dei blir sett i verk for å sikre den ønska effekten og for å unngå uheldige konsekvensar.

Styret gjorde følgjande endringar i utsendt forslag til høyringsuttale:

s. 3 nest siste setning i avsnitt - Pasientane sin rett til informasjon, blei endra til:

«Dette av omsyn til pasientane, planlegging og administrering av drifta.»

s. 6 siste kulepunkt under avsnitt – Tilrådingar om andre tilpassingar i samband med fritt sjukehusval, blei endra til:

«Ordninga med fritt sjukehusval inneber at pasientane kan velje sjukehus på dei ulike trinn i helsehjelpen. Helse Vest stiller spørsmål ved om det skal vere mogleg å bytte sjukehus når du er i et behandlingsløp ved eit sjukehus og behandlingsløpet ikkje er langvarig.»

Vedtak (samrøystes):

Styret slutta seg til høyringsuttale frå Helse Vest, med dei endringar som blei gjort i møte.

3/13 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

Ref. Torunn Nilsen
15.01.2013

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar

Sett:

Ohene Aboagye

Gunnar Berge

Gerd Dvergsdal

Sveinung Stensland

Torill Selsvold Nyborg

Olin Johanne Henden

Sett:

Lise Karin Strømme

Tom Guldhav

Reidun Nyborg Johansen

Aslaug Husa

Kjartan Longva